

2023/213-7

# Selskapsavtale for Fjellab Drift IKS

*Kommunane Tinn, Tokke og Vinje har vedteke å organisere Fjellab Drift som eit interkommunalt selskap (IKS) etter IKS-lova.*

## § 1 Selskapsnamn

Fjellab Drift er eit interkommunalt selskap (heretter Fjellab Drift IKS) som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29. januar 1999.

## § 2 Deltakarkommunar og lokalisering

Fjellab Drift IKS består av deltakarkommunane Tinn, Tokke og Vinje.

Tilslutning frå nye deltakarkommunar krev endring av selskapsavtala, og skal vedtakast i dei enkelte deltakarkommunane sitt kommunestyre.

Selskapet sitt kontor og adresse er lokalisera i Rjukan, Tinn kommune.

## § 3 Eigardelar

Deltakarkommunane har, basera på folketal, følgjande eigardelar i selskapet:

- Tinn 5536 (pr. 3. kvartal 2022) 48 %
- Tokke 2166 (pr. 3. kvartal 2022) 19 %
- Vinje 3777 (pr. 3. kvartal 2022) 33 %

Eigardelane skal regulerast kvart 4. år, i tråd med utviklinga i folketalet.

## § 4 Rettsleg status

Fjellab Drift IKS er eit eige rettssubjekt. Styret utøver arbeidsgjevaransvar for dagleg leiar, medan dagleg leiar utøver arbeidsgjevaransvar for dei tilsette.

## § 5 Føremål og oppgåver for selskapet

Handwritten signatures and initials in blue ink, including a stylized signature, the initials 'JF', and a small mark.

Fjellab Drift IKS er eit analyselaboratorium som utfører analysetenestar for dei tre deltakarkommunane Tinn, Tokke og Vinje. I tillegg til reine analysetenestar gjev selskapet rettleiing innanfor vatn, mat og miljøanalyse, samt bidreg med kompetansestøtte, feilsøking og rapportering ved behov. Det kan ved behov også gjevast bistand ved oppgåver innan helse- og miljøproblematikk.

Selskapet skal primært taka på seg oppgåver for eigarkommunane, men kan leige ut anlegg, utstyr og mannskap til Fjellab AS slik at dette selskapet kan halde fram med å selje tenestar til private kundar. Denne utleiga må ikkje gå ut over tenestane som skal leverast til deltakarkommunane. Utleiga skal vidare skje på forretningsmessige vilkår, slik at all drift er i tråd med statsstøtteregelverket i EØS-avtala.

## § 6 Representantskapet

Selskapet skal ha eit representantskap der alle deltakarkommunane er representera med ein representant kvar. Kwart kommunestyre i deltakarkommunane skal velje sin representant.

Medlem av representantskapet veljast for fire år og følgjer kommunevalperioden. Den enkelte eigar kan føretaka nyval av sine representantskapsmedlem i valperioden. Nyval skjer for den resterande del av valperioden.

Ordinært representantskapsmøte vert halde kvart år innan utgangen av mars månad.

## § 7 Styre

Styret skal bestå av fire medlemmar, eit medlem med vara frå kvar deltakarkommune og medlem med vara frå dei tilsette. I styret skal begge kjønn vere representera. Styremedlemma vert valt for fire år, medan leiar og nestleiar er på val kvart år (styremedlem er valbare).

## § 8 Økonomi

Deltakarkommunane skal finansiere Fjellab Drift IKS på følgjande måte:

- Ettersom laboratoriet er lokalisera i Tinn kommune, skal 25 % av utgiftene bli belasta vertskommunen direkte
- Dei resterande 75 % av utgiftene skal fordelast i tråd med eigardelane
- Analysetenestar ut over ordinær drift, samt bruk av underleverandør, vert fakturera kommunane etterskotsvis
- Inntekter som selskapet genererar gjennom sal til Fjellab AS, skal nyttast til å dekke utgifter knytt til drift av Fjellab Drift IKS
- Overskot skal bli avsett på eit bunden disponibelt fond i Fjellab Drift IKS sitt rekneskap
- Underskot må dekkast inn ved bruk av oppspart fond eller ved fordeling mellom deltakarkommunane

Representantskapet vedtek budsjett og økonomiplan. Fjellab Drift IKS har mynde til å taka opp lån, maksimalt kroner 1 million, etter vedtak på representantskapsmøte eller ekstraordinært representantskapsmøte.

Deltakarkommunane betalar sin budsjettera del av utgiftene kvartalsvis i budsjettåret (januar, april, juli og oktober). Endeleg avrekning og oppgjjer skjer når revidera rekneskap føreligg.

Utdeling av midlar frå Fjellab Drift IKS skal skje i samsvar med lov om interkommunale selskap.

### § 9 Særskilde tenestar frå Tinn kommune

Fjellab Drift IKS kjøper følgjande tenestar av Tinn kommune: lønnsutbetaling, rekneskapsføring, fakturering, innkrevjing, revisjon, IKT, fellestenestar, forsikring og sentralbord. Dei tilsette i selskapet skal vere medlem av Tinn kommune sin til ein kvar tid valte pensjonsleverandør. Tinn kommune krev refusjon frå selskapet for desse særskilde tenestane.

Kommunen skal også leggje til rette for at Fjellab Drift IKS har tilfredsstillande lokale i Tinn kommune.

Tinn kommune godtgjerast med eit årleg beløp som vert fastsett av representantskapet gjennom ordinært budsjettvedtak.


### § 10 Tvistar


Dersom det oppstår tvist mellom deltakarkommunane om forhold kring selskapet eller selskapsavtala, skal ein søke å koma fram til ei minneleg løysing. Dersom det ikkje lykkast, skal tvisten løysast av domstolen.

### § 11 Ikraftsetjing


Denne selskapsavtala trer i kraft frå det tidspunktet den er vedteke av alle deltakarkommunane sitt øvste politiske organ.

Stad: *Dalen* Dato: *7/9-23*  
*31.8.2023*

  
Tinn kommune

  
Tinn Kommune

*Marand Fellbønd*  
Tokke kommune

  
Vinje kommune